

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.:            Vår ref.:            Sakshandsamar:            Dato:  
2021/1305 - 3868/2022            Thomas Dag Iversen            29.04.2022

## **Endring i forskrift om krav til organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforskriften)**

### **Bakgrunn**

Helse Vest RHF og helseføretaka ble gjort kjent med endring i akuttmedisinforskrifta som blei kunngjort fredag 22. april 2022 kl.14.00. Endringane i forskrifta vil tre i kraft frå og med søndag 1. mai 2022. Helse Vest RHF har i sitt høyringssvar som er forankra med helseføretaka delt at helseføretaka ikkje vil klare å innfri forslaget om at begge på ambulansen skal ha førarkort for aktuell køyretøyklasse innan fristen 1. mai 2022. Det ein positiv tilslutning til endringane, men dei blir innført for raskt.

### **Aktuelt**

I Helse Vest er om lag ¾ av den ordinære ambulansetilparken no køyretøy som fell inn under kategorien C1. Denne dreininga frå klasse B til klasse C1 har samanheng med auka utstyrsbehov og nasjonale rammeavtaler for ambulansetilpark. Slik situasjonen er for helseføretaka vil kravet skape store driftsvanskar. Det er vanskeleg å sjå korleis ein skal løyse driftssituasjonen spesielt på helg, høgtider og i feriar, sjølv ved bruk av årsplaner. Endringa i forskrifta gir ikkje helseføretaka nødvendig tid til å områ seg, mellom anna varsle endringar i arbeidsplaner som skal følgje formelle prosessar og varslingsfristar i arbeidsmiljølova og tariffavtaler.

Helseføretaka har dei siste to åra stått i ein krevjande situasjon med høg belastning på tilsette, det gjeld og prehospitala tenester. Denne situasjonen gjeld framleis. .

Gjennom pandemien har føretaka sikra seg arbeidskraft for å halde forsvarleg drift og kapasitet ved fråvær og karantene. Fleire av vikarane har fått mellombelse kontraktar og sommarengasjement i årsplanar nettopp for å sikre kapasitet og beredskap, samd at føretaka får ta omsyn til tilsette som må få avvikla sin ferie på best mogleg måte i år.

Det framstår difor som urimelig at forskrifta trer i kraft omgåande. Signaleffekten av å ha vore tilstrekkeleg kompetent i ein ekstraordinær situasjon, men brått å ikkje lenger skulle få tildelt vakter og eventuelt bli omplassert og få sin arbeidsplan vesentleg endra er ein opptreden vi ikkje ynskjer overfor våre medarbeidarar. Vi meiner vi skal planlegga beredskapen og aktiviteten slik at det ikkje blir ytterlegare belastning for våre tilsette. Vi minner og om at Biltilsynet har hatt redusert kapasitet for

førarkortoppkjøring. Vegdirektoratet har under pandemien gitt midlertidig forlenging ved utløp av utrykkingskompetanse med endringar i forskrift. Det er viktig å understreka at det har vært vanskeleg for nye medarbeidarar og helseføretaka å sikre seg kompetansen som no er etterspurt.

Det er lange leveringstider på ambulanseschassis som følge av Ukraina-konflikten og lange ordrebøker frå ambulanselieferandørane etter rettssak og utsett tildeling av rammeavtaler for ambulansebil. I mange føretaket er det ein bilpark med høg alder og kilometerstand og påfølgande etterslep i utskifting av ambulansebil. I eit HMS perspektiv bør ikkje helseføretaka bli utfordra på å måtte parkere ambulansebil av type C1 for å unngå brot på forskrift som trer for raskt i kraft til fordel for eventuelt å setje personbilambulansar klasse B i drift igjen.

Det bør og vurderast dispensasjon for C1 førarkort for lærlingar. Læreavtale gjennom Opplæringslova er bindande for arbeidsgjevar. Ved start av lærekontraktar har ikkje alle lærlingar erverva seg førarkort. Strenge krav kan i ytste konsekvens medføre at lærlingar som er født seint på året, kan bli nedprioritert på læreplass til fordel for kandidatar født tidleg på året.

## Konklusjon

Endring av akuttmedisinforskrifta trer i kraft med veldig kort tid frå kunngjering til iverksetting. Det er ikkje mogleg for helseføretaka å sikre C1 sertifikat for dei medarbeidarane som måtte mangle dette. Dei vil heller ikkje innanfor fristane for endring av arbeidsplaner i AML eller tariffavtaler ha anledning til gjere nødvendige justeringar utan vesentleg ulempe for medarbeidarar, eller måtte omplassere medarbeidarar til andre oppgåver i føretaka. Fram mot sommarferieavviklinga, som allereie er planlagt, er det særleg viktig at den ikkje må re-planleggast med alle dei konsekvensar det vil medføre. Helseføretaka vil heller ikkje ha tilstrekkelig tid til å vurdere alternative oppgåver for dei som ikkje har C1 sertifikat innan 1. mai 2022.

Dei umiddelbare endringane kan føre til redusert beredskap og kapasitet. Helse Vest meiner helseføretaka skal sikre nødvendig og planlagt beredskap og kapasitet.

Helse Vest RHF ber om at det blir gitt tilstrekkeleg tid / overgangsordning til å sikre opplæring av personell som ikkje har utvida førarkort for aktuell køyretøyklasse. Ei overgangsordning på eit år, ev ut 2022 vil gi helseføretaka tid til gjere nødvendige grep. Alternativet er at Helse Vest vil be helseføretaka melde avvik frå etterlevering av endringane i forskrifta. Det er ein overordna prioritet at helseføretaka *ikkje* kan redusera planlagt beredskap og faglig kapasitet der ein allereie har lagt arbeidsplaner, (årsplan) for ambulansetenesta.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne  
Administrerende direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne Administr. direktør*